



Sverre Skeidsvoll
Fagervollen 21
5956 HUNDEVIN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/330 - 15/32702

Saksbehandlar:
Ole Jakob Aarland
ole.jakob.aarland@lindas.kommune.no

Dato:
22.10.2015

Svar vedk breibanddekning ved Skodvin Montessorriskule

Vi viser til din epost av 17. oktober, der du tek opp breibandstilhøva ved Skodvin Montessorriskule.

Lindås kommune har kartlagt breibandstilhøva og mobildekninga i kommunen, og er kjent med at det mange stader er eit tilbod som innbyggjarar og næringsliv finn utilstrekkeleg. Sjølv om utbygging av slikt tilbod ikkje er ei lovpålagt oppgåve for kommunane, er det likevel stor merksemd og aktivitet knytt til å betre tilhøva. Dette er bakgrunnen for at Lindås kommune tidlegare har gjeve anleggsbidrag til utbygging, og at vi søkte om statlege tilskott både i 2014 og 2015. Diverre vart begge desse søknadane avslåtte, men Lindås kommune vi halde fram med aktivitetar og tiltak som vil kunne betre situasjonen.

Det er ligg ikkje føre konkrete planar for tiltak i Skodvin-området. I ditt skriv peikar du på at heile området sør og vest for Fjellsbø, Brundtland og Marås m.fl. har knapt internettdækning via ADSL, og at Telenor/Nextgentel kan levere opp til 5Mbit/s. I denne samanheng kan vi nemne at då Skodvin var kommunal skule, nytta kommunen 10 Mbit/s levert frå Netstar as.

Ole Jakob Aarland
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.



Mottakarar:
Sverre Skeidsvoll

Fagervollen 21 5956

HUNDVIN